




Birte Nybakk (14) imponerte

**Heaven** er ein av dei vakraste songane som er laga og det kom ikkje som noko overrasking at den einaste unge songfuglen frå Uskedalen, som var med i UKM på Husnes i ettermiddag valte den songen. 14-åringen løyste som vanleg oppgåva på ein vakker og kjenslevar måte.



Preben Dale Heimstad (20) imponerte og kjem til fylkesmønstringa.

Men det må leggjast til at ho også denne gongen gjorde det  
saman med ein annan uskedeling,

Ingebjørg Haugland på piano.

Også ein av dei andre av dei nærrare 30 som var med i mønstringa  
hadde valt Heaven.

Det var Ragna Bogsnes Hegge utan at det bør skje nokon form for sangleg  
samanlikning av dei to, som begge er 14 år.

Programmet dette året var i omfang omrent som det i fjor og hadde den same variasjon - frå bildande kunst via dans til song og instrumentale prestasjonar.

Apropos prestasjoner kan ein ikkje unngå å bli imponert over kor mange talentar ein finn i denne kommunen og også over kor mange av dei som lagar musikk og songar sjølve.  
Den arrangerande kulturskulen har gjort ein god jobb også siste år.

Dette er inga tevling, men ei mönstring. Likevel fekk juryen ei krevande oppgåve då dei skulle finna ut kven som bør sendast til fylkesmönstringa i Bergen. Valet falt på 5 deltagarar: Amalie Olderkjær Larsen, Step By Step, Anders Løkeland Slåke, Yngvild Berge og Preben Dale Heimstad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen